



**HØGSKULEN I VOLDA**  
Volda University College

## Nyhendebrev nr. 30, 8. september 2022

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [johann.roppen@hivolda.no](mailto:johann.roppen@hivolda.no).

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



### Synnøve Amdam disputerer 9. september

Høgskulelektor Synnøve Hedemann Amdam, AHL, disputerer ved Universitet i Oslo, Institutt for pedagogikk fredag 9. september 2022. Avhandlinga handlar om medielærarar og har tittelen: ""Media teachers' discursive understanding in developing 21st century education: Are we the tugboat, the satellite, or the terror cell?". Professor Kåre Heggen, ASH, har vore siderettleiar i prosjektet.

[LES MEIR](#)



### Forslingsprosjekt: Vil analysere sunnmørske hjernebølger

Forskarar ved Høgskulen i Volda inviterer sunnmøringar til å delta i eit forskingsprosjekt om språk og grammatikk - og deltakarane får på seg eit EEG-apparat som skal måle hjernebølgene til deira i løpet av ein test i prosjektet. Prosjektet er eit samarbeid med Universitet i Tromsø og undersøkinga er leia av [førsteamanuensis Jade Sandstedt](#) ved Høgskulen i Volda.

[LES MEIR](#)

# Studium og studentliv

## Hevdar samskipnader krev ulovlege depositum frå studentar - men ikkje i Volda

I eit oppslag i nettavisa Khrono hevdar førsteamanuensis Marius Storvik, UiT, at over halvparten av Studentsamskipnadene i landet krev ulovlege depositum frå studentar som leiger bustad hos samskipnadene. [Studentsamskipnaden i Volda er ikkje blant dei som krev eit slikt ulovleg depositum, i følgje Khrono.](#)

## Studieprogram: Meld inn namn på studentar i kvalitetsutval

Prorektor Odd Helge Tonheim har i ein e-post til alle på HVO 6. september bede alle studieprogramleiarar om å melde inn namn på studentar som er valt som kvalitetsutvalsmedlem/tillitsvalt på dei ulike årskulla på gradsgjevande studieprogram. Bruk lenka i e-posten. Frist for innmelding er 25. september.

## Biblioteket: Korleis vere student? Kurs med gratis taco

Biblioteket på Høgskulen i Volda arrangerer i september og oktober kurs i det å vere student: Studieteknikk, studentvelferd, eksamen, akademisk skriving og om biblioteket sine tenester. Det same kurset vert halde på fire ulike tidspunkt slik at det skal vere lett å finne ei tid som passar. Og så blir det gratis taco etterpå. Kurset er også lagt inn i kalenderen på [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no) og det første kurset vert halde 12. september klokka 16.00. [Les meir på nettsida til biblioteket.](#)

## Internasjonal utveksling i 2023? Søknadsfristen er 1. oktober

Er du interessert i å studere i utlandet til våren? Hugs å søke om utveksling før 1. oktober! I haust har Høgskulen i Volda (HVO) mange studentar på utveksling rundt om i verda. No nærmar fristen seg for å søke om utveksling for vårsemesteret 2023. [Les meir på nettsidene våre.](#)

## Menyen i kantina neste veke

Måndag: Tomatisert linsegryte

Tysdag: Fiskegryte med poteter og grønsaker

Onsdag: Karbonader med steikt løk, poteter og grønsaker

Torsdag: Potetball med tilbehør

Fredag: Tacobuffé

Alle rettane kostar kr. 14,90,- per hg

# Styre og stell

## Rektorval 2022: Resultatet blir kunngjort 9. desember

Valstyret har kome med plan for gjennomføring av val på rektor og prorektor. Etter tidsplanen vert valperioden 2.-9. desember, og resultatet blir kunngjort 9. desember. Andre sentrale tidspunkt er nominasjonsperiode (oktober) og valkamp-periode i tida 18.11.-2.12., med ein planlagt valdebatt 28. november. [Les meir om valet på nettsidene til valstyret](#). Les også innlegg i rektorbloggen: "[Kven blir ny rektor på HVO?](#)" Mange andre høgskular og universitet får også ny rektor i løpet av 2023, går det fram av eit [oppslag i nettavisa Khrono](#).

## Styremøte 15. september: Mange store saker

Høgskulestyret har sitt første møte i haust 15. september, og [styresakene vert lagt ut på nettsidene våre i løpet av torsdag 8. september](#). På dagsorden står blant anna framlegg om å søke om akkreditering av ny doktorgradsutdanning; revisjon av kvalitetssystemet; ny forskrift om opptak, studium og eksamen; revisjon av valreglementet; utpeiking av leitekomite for ny rektor/prorektor og retningslinjer for fastsetting av løn til rektoratet.

## Førstehjelpskurs 25. oktober: Hjarte- og lungeredning og bruk av hjartestartar

Høgskulens bedriftshelsteneste AVONOVA held 25. oktober eit 3 timars grunnkurs i basal hjarte – lungeredning (BHLR) med gjennomgang av bruk av hjartestartar. Det er plass til 16 deltakarar på kurset som vert halde i arbeidstida. Sjå informasjon sendt på e-post til alle på HVO frå Solbjørg Nossen Leite 1. september for meir informasjon og påmelding til kurset.

# Fag og forskning

## Nynorsksenteret har relansert nettside om nynorske bøker: [nynorskbok.no](http://nynorskbok.no)

Nynorsksenteret tilbyr nettsida [nynorskbok.no](http://nynorskbok.no) der lærarar i skule og barnehage og tilsette i bibliotek – og alle andre kan få tips til gode, nye nynorskbøker for ulike aldersgrupper: 0–6 år, 6–12 år, 12–16 år og for unge vaksne på 16 år og eldre. Nynorskbok har omtalar av rundt 1000 bøker på nynorsk. No er nettsida relansert, og ho har vorte enklare å bruke. [Les meir på nettsidene til Nynorsksenteret](#).

# Utdanning, forskingsmidlar, forskingsaktivitetar og fristar:

## Seminar om forskningsetikk - 13. september

Forskningsadministrasjonen inviterer til ope [seminar om grunnleggjande forskningsetikk på HVO tysdag 13. september](#). Seminaret vil bli halde av Vidar Enebakk som er sekretariatsleiar for [Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitskap og humaniora \(NESH\)](#), vil halde seminaret. Seminaret er eit tiltak for å lære opp tilsette i forskningsetiske normer. Møtet er ope for alle. Litt av bakgrunnen for seminaret er at Forskningsetikkloven §4 stiller krav til forskarar om at dei skal "opptre med aktsomhet for å sikre at all forskning skjer i henhold til anerkjente forskningsetiske normer." HVO har altså ansvar for "opplæring av kandidater og ansatte i anerkjente forskningsetiske normer".

## Nytt om namn på HVO

### Ny dagleg leiar i Akademika-bokhandelen

Diana Medne, tidlegare NIS-student, har teke over som ny dagleg leiar i [Akademika-bokhandelen på høgskulen](#) etter Elin Longva. På bokhandelen sine [nettsider finn ein blant anna bøker skrivne av HVO-tilsette](#).

### Nytt om tilsette på Høgskulen i Volda

- [Tarjei Solheim Almestad](#) har teke til i fast stilling som seniorrådgjevar i Studieadministrasjonen
- [Hege Robudal Stenkløv](#) har teke til i fast stilling som seniorrådgjevar i Studieadministrasjonen
- [Eleanor Sophia Dodson](#) tek til i stipendiatstilling (3-årig) på AKF 15.09.2022
- [Cathrine Yksnøy](#) har teke til i vikariat som høgskulelærer på AKF
- [Marina Cano Lopez](#) har vorte engasjert som førsteamanuensis på institutt for språk og litteratur, AHL
- Synnøve Marie Sætre tek til i åremålsstilling som instituttleiar på Nynorsksenteret, AHL, 01.10.2022
- [Kishore Gajendra](#) har teke til i vikariat som høgskulelektor på institutt for journalistikk, AMF.
- [Sandra Lappegard Wangberg](#) har teke til i fast stilling som høgskulelektor på institutt for journalistikk, AMF.

- Melissa Dieterle, Dominka Grudny og Riina Iita Henrikka Huotari har vorte tilsette for å drifte Pangaia
- Linda Halse Digernes og Mathias Engstrøm Sandstøl har teke til som studentassistentar i 20 % stilling ut året.

**Vi vil gjerne sjå deg: Legg inn bilde på nettsida di på [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)**

Det er mange tilsette som har teke til i stilling på HVO no i haust. Alle tilsette får automatisk ei personleg side på [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no). Alle tilsette blir med dette oppmoda til å legge inn bilde av seg sjølv på den personlege sida, så blir det lettare å bli kjent med mange nye ansikt. [Her er rettleiing til korleis ein skal oppdatere si personlege side.](#)

## Publisering og formidling

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon om ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin.](#)

Legg også ved lenke til publiseringa di.

### **Nye rapportar, studentoppgåver og andre arbeid**

Arkivet "Bravo" er Høgskulen i Voldas nettstad for formidling av bachelor- og masteroppgåver, forskingsrapportar og andre arbeid. Arkivet er gratis tilgjengeleg for alle på nettsidene til biblioteket ved Høgskulen i Volda. [Nye bidrag i Bravo finn du her.](#)

kyrkje historie bibel skole  
reformasjon omsetjing roman  
reform ungdomshus språklov  
sekularisering metamorfose

# Tru, språk, historie

## Heidersskrift til Per Halse

---

Anders Aschim, Bente Afset,  
Hallgeir Elstad og Birger Løvlie (Red.)

språklov amerikansk symbolunivers  
moderne forteljing bedehus  
vekking kunnskapning elev  
nynorsk populærkultur  
film engelsk feminisme

CAPELEN DAMM AKADEMISK

OPEN  ACCESS

## Heidersskrift til Per Halse: Mange bidrag frå kolleger på HVO

Boka "[Tru, språk, historie. Heidersskrift til Per Halse](#)" har vorte gjeve ut på Cappelen Damm Akademisk som ein [open publikasjon](#). Her er det mange bidrag frå noverande og tidlegare kolleger av [professor Per Halse](#) på Høgskulen i Volda:

- "Fredsæl forskar og fagfelle" (Føreord), av Anders Aschim, [Bente Afset](#), Hallgeir Elstad og [Birger Løvlie](#).
- "Kristendommens metamorfosar. Eit essay om vilkåra for kristeleg livssynsdanning gjennom tidene", av Per M. Aadnanes, professor em. HVO/AHL.
- "Kva ville dei med Hannah More i Noreg? Evangelikale og profoteministiske impulsar i litteraturen frå første halvdel av 1800-talet", av [professor Marie Nedregotten Sørbø](#), AHL.
- "Fra episkopal statskirke til synodal frikirke. Synodalforfatning i Den norske synoden i USA på 1800-tallet" av [førsteamanuensis Ralph Meier](#), AHL.
- "Bedehus og ungdomshus – motpolar i bygdesamfunnet", av Atle Døssland, proessor em. HVO/ASH.
- "I livsens lundar. Debutromanen til Matias Orheim", av [professor Jan Inge Sørbø](#), ASH.
- "Biskop Per Juvkam og reformarbeidet i Den norske kirke", av [Birger Løvlie](#), dosent em. HVO/AHL.
- "Frå underordning til likestilling. Ei historie om korleis det teologiske symboluniverset endra seg i kvinnesynet på 70-talet", av [Jan Ove Ulstein](#), dosent em. HVO/AHL
- "Ellens pinse. Bibelfortelling og kunnskaping", av [førstelektor Bente Afset](#), HVO/AHL
- "Aksept og asymmetri. Status for folkemålet 160 år etter", av Torgeir Parr Dimmen (tidlegare leiar for Nynorsksenteret).

## Skogen, Dahl og Høydal har publisert i Physical Activity and Health

Tre HVO-tilsette har publisert ein artikkel i lag. [Høgskulelektor Ingeborg Skogen](#), AKF, [førsteamanuensis Silje Dahl](#), ASH, og [førsteamanuensis Kjetil Høydal](#), AKF, har skrive artikkelen "[You are Constantly Trying to Make the Best Out of All Situations': Adolescents with Overweight and School Health Nurses in Norway on Weight Stigma and Physical Activity](#)", som er publisert i tidsskriftet Physical Activity and Health.

## Elisabeth Teige om utdanning og menneskerettar

[Førstelektor Elisabeth Teige](#), ASH, har saman med Kjersti Brathagen, USN, publisert ein artikkel i tidsskriftet Revista História da Educação. Artikkelen har tittelen "[Education for international](#)

[understanding after WWII - an education for human rights?"](#), og er publisert i ei [spesialutgåve-del om utdanningshistorie og internasjonale organisasjoner](#).

## Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

### **Ingeniør - eigedom - søknadsfrist 10. september 2022**

Ved Høgskulen i Volda er det ledig fast 100% stilling som ingeniør frå 01.01.2023. Stillinga er plassert i fellesadministrasjonen under Økonomi og eigedom. Eigedomsteamet består av fire faste stillingar og for tida to vikariat. Eigedomsteamet er leia av driftssjef som har det overordna ansvaret. Høgskulen leiger primært bygningar av Statsbygg men også av andre.

Vi søker etter ein person som evner å planlegge, gjennomføre og avslutte mindre ombyggingar i samarbeid med høgskulen sin rammeleverandørar, men som og likar å arbeide fysisk med dei daglege oppgåvene som må gjerast på skulen. [Les meir om stillinga og send søknad på nettsida vår.](#)

### **Førsteamanuensis/ førstelektor/ høgskulelektor i medieproduksjon - søknadsfrist 12. september 2022**

Ved Høgskulen i Volda, Avdeling for mediefag, har vi ledig ei 100% fast stilling som førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor ved Institutt for film og animasjon, frå 2.1.2023. Dato for oppstart kan justerast etter avtale.

[Les meir om stillinga og send søknad på nettsida vår.](#)

### **Rådgivar/seniorkonsulent løn - søknadsfrist 15.9.2022**

Ved Høgskulen i Volda, Personal- og dokumentforvaltning er det ledig fast 100 % stilling som rådgivar/seniorkonsulent frå snarast mogleg. Personal- og dokumentforvaltning er ein del av dei felles administrative einingane ved høgskulen. Vi er 9 faste tilsette med varierende arbeidsoppgåver som blant anna løn, tilsetjing, sjukefråvær, HMS, arkiv og refusjonar. Stillinga som er ledig er knytt til lønsområdet og er ei stilling med varierte arbeidsoppgåver.

[Les meir om stillinga og send søknad på nettsida vår.](#)



# Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

## Faglege arrangement på og ved HVO:

### Hausten 2022:

6.-10.9.2022: [Kammermusikkfestivalen](#)  
9.9.2022: [Disputas Synnøve H. Amdam](#), UiO  
10.9.2022: [Voldadagen](#), VCA  
13.9.2022: [Seminar om forskingsetikk](#), HVO  
15.9.2022: [Høgskulestyret](#)  
23.-27.9.2022: [Forskningsdagane 2022](#)  
28.-29.9.2022: [Karrieredagane](#), Ørstahallen  
29.9.-2.10.2022: [Animation Volda 2022](#)  
29.9.-30.9.2022: [Forskningsleiarprogram - første samling](#)  
6.10.2022: [Fagdag BUP - konsekvensar av traume og stressrelaterte lidingar hjå born og unge](#), HVO  
24.-26.10.2022: [Øyralangs, kulturvandring i Elvadalen](#)  
27.-28.10.2022: [Barnehagekonferansen 2022](#), Ålesund  
1.11.-2.11.2022: [Utdanningsdagane 2022](#)  
3.11.2022: 50-års markering av historiestudiet ved Høgskulen i Volda  
3.11.2022: [Høgskulestyret](#)  
4.11.2022: [Sinnemeistring hos vaksne](#), HVO  
16.11.2022: 100-årsmarkering for Henrik Kaarstad-huset  
18.11.2022: Avdelingsseminar ASH  
8.12.2022: [Høgskulestyret](#)  
2.-9.12.2022: [Val av ny rektor og prorektor](#)

### Våren 2023:

19.1.2023: Høgskuleforum ("Forum for det utvida høgskuleområdet"), HVO  
8.2.2023: [Internasjonal dag 2023](#)  
8.3.2023: Samskapings- og innovasjonskonferanse, HVO  
9.3.2023: [Høgskulestyret](#)  
3.-4.5.2023: Styreseminar og [Høgskulestyret](#)  
15.6.2023: [Høgskulestyret](#) (siste i styreperioden)

## Faste lenker:

## LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

## REKTORBLOGGEN

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

## HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Finn-ein-forskar-på-HVO](#)

[Tiktok](#)

[Facebook](#)

[Twitter](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

## STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[StudentTV](#) - Sjå også [Youtube-kanalen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)

[Nærnett](#)

# Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: [postmottak@hivolda.no](mailto:postmottak@hivolda.no)

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)